

Halling- ljom



Fagblad for Hallinglaget - i Oslo -

- N.R. 1/23

INNHOLD

Innhaldsliste	side	3
Fyriord	side	4
Innkalling til årsmøte	side	5
Årsmelding for Hallinglaget	side	6
Helgekurset høsten 2022	side	9
Takk til kakebakarane i laget	side	9
Årsmelding for Hallingbu	side	10
Litt info. om Riksscena	side	11
Minikurs i hallingspringar	side	12
Program for vinteren/våren	side	13
Lagdans på Oslokappleiken 2022	side	14
Fyring med ved eller straum?	side	16
Springarmaraton på Ål	side	17
Ingrid Løkken dikter og hjelper til	side	18
Banankake - kakeoppskrift	side	19
Infoside om Hallinglaget	side	20
Folkedanskveldar	side	21
Styret i Hallinglaget	side	22

Fyriord

Godt nyttår alle saman! Hallinglaget ynskjer at 2023 blir eit bra år for alle.

I fjor starta me opp att dansen for fullt! Det vart eit danseår av dei skjeldne! Ein stor takk til vår sær dyktige og inspirerande danselaiar Ulf-Arne Johannessen. Me opplevde øvingar med opp til 10 heilt nye danserar som ikkje hadde dansa før – og etter øvinga så dansa dei relativt bra! Spesielt kvinnene; for ein kar treng meir opplæring og øving om han skal klare å styre kvinnene i dei ulike turane. Heldigvis så har nokre nye karar kome til slik at me no jamt er 10 dansepar på golvet i kvar øving ...

Og Hallinglaget har kome i gang med lagdansen att, her må me takke vår eminente spelemann og nestleiar Åsmund Fauske Jøtun som har ivra for lagdans og har fått veldig mange gode danserar til å danse for Hallinglaget. Dette året deltok me i lagdans på Landskappleiken på Rjukan med stor suksess, ein kjempegod niandepllass av totalt 27 lag. Moro var det også og dansen skapte ei god samkjensle i laget. På Oslokappleiken i haust vant Hallinglaget lagdansen, best av 9 lag og me fekk vårt fyrste napp i vandpremien og premien var eit supert fenalåg og flatbrød som vart fortært på juleavslutninga!

Så 2022 har vore eit godt år å vere leiar i laget! Det er også ei flukt frå mange triste hendingar dette året, slik som krig i Ukraina, miljøkatastrofer og det at Norge har mista kontrollen med straumprisane og mykje anna! Mykje ser ut til å gå feil veg, alle stangar mot kvarandre i uenighet så lite positivt skjer. Det som er viktigast for mange ser ut til å være å karre til seg mest mogeleg pengar! Difor er det fint å gløyme seg bort i ein heftig springar med gode dansejenter! Eg må berømme dansejentene våre som dansar med uss og strålar av ynde og glede. Så kom dikkon ut på golvet karar! Eit minikurs kan vere ein grei start (sjå annonsa side 12) og hugs at all dans er superbra trim og er veldig sosialt.

Ein stor takk til alle som skapte liv og glede rundt seg i året som gjekk. Mykje av det me sett pris på er beskrivi i dette bladet, så sett dykk ned og kos dikkon med avis. Me som er med i laget synes at dansen heldt uss unge i kropp og sinn. Laget treng no ein del rekruttering i styre og stell, så sjå det som positivt om nokon ringer deg for å høre om akkurat du kunne tenke deg å være med! Si også i frå om du kjenner nokon som er interessert i hallingkultur så få dei gjerne med på ei øving.

Leve Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22!

*Beste helsingar
frå Terje Grangård,
Leiar i Hallinglaget*

**Merk dykk også at BLS feirer 100 år i år!
Og at FolkOrg også feirer 100 år dette året!
Så støtt opp om Hallinglaget så me ikkje blir
feid av banen ...**



*Terje ynskjer alle velkommen til eit nytt
år i Hallinglaget, bli med og dans!*

INNKALLING TIL ÅRSMØTE I 2023

I HALLINGLAGET I OSLO

Me kallar inn til årsmøte for Hallinglaget
Onsdag 1. mars kl. 17:30
i
HALLI
Nordahl Bruns gt. 22.

Sakliste:

1. Val av ordstyrar og referent
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Godkjenning av årsmelding for styret og hyttestyret for år 2022
4. Godkjenning av rekneskapen for 2022
5. Arbeidsplan for år 2023
 - Dugnadsarbeid på Hallingbu: Beise hytta og uthus.
 - Måle bølgjeblekktaka og rydde litt skog og lage til ved.
6. Val av nytt styre (4–6 pers.), hytteyre (3-4), bladnemnda (3) og valnemnda (2–3)
7. Velje representantar til Årsmøte i BLS 14. mars.
8. *Diskusjon:*

Visjonar for framtida for Hallinglaget og Hallingbu.

Hallingbu krev meir vedlikehald og tilsyn, korleis klare det?

Saker som ein ynskjer skal takast opp, må vere styret i hende seinast 20. februar 2023.

Berre dei som har betalt medlemskontingent for 2022, har røysterett på årsmøtet. Alle interesserte er velkomne til å høyre på.

Det vert servering av kaffi/te og kaker.

Styret håpar på godt frammøte. Etterpå er det gild springarøving!

Vel møtt!

Årsmelding for Hallinglaget i Oslo 2022

Styret:

Leiar: Terje Grangård.
Nestleiar: Åsmund Fauske Jøtun.
Kasserar: Gro Sissel Taraldrud.
Skrivar: Heidi Wie.
Styremedlem: Berit Grøtt Ellefsen.
Styremedlem: Else Mohn.

Hyttestyre:

Hyttesjef: Else Mohn
Medlemer: Michel Gascoin og Trond Roseth.

Bladstyre: Terje Grangård, Else Mohn og Olav Arne Løstegaard.

Danseleiar: Ulf-Arne Johannessen.

Valnemnd: Svein Aasen, Hilde Hjetland og Olav Arne Løstegaard.

Revisor: Alix Cordray

Skal ein oppsummere året 2022 må det være at det har vore det beste danseåret i nyare tid! Etter at pandemien var over har det kome mange danserar til Hallinglaget i Nordahl Bruns gate 22! Aldri har så mange ulike personar kome innom, så dansen har gått over glatte golv til supert dansespel og instruksjon. Meir om øvingane og dansinga seinare.

Årsmøtet var halde den 2. mars og samla 8 positive deltakerar. Heile Styret tok gjenvalg for alle ville kjempe for at Hallinglaget skulle klare seg gjennom pandemien! Takk til alle som stiller opp for laget.

Takk til medlemene som støttar opp om laget og melder seg inn og betaler medlemsavgift! Det er viktig at laget vårt har eit visst antal medlemner slik at laget vårt er å rekne med i BLS og Noregs Ungdomslag. I 2022 hadde laget 25 fullt betalande medlemer, av desse var ein medlem under 26 år og ein under 15 år! Det er bra og me takkar også våre 7 gode bimedlemer (fullt medlem i anna lag i BLS) som støttar opp om laget. Med fullt kjøyr framover så håper Hallinglaget på minst like mange medlemer som dette framover, så betal medlemsavgifta om du kan/vil! Merk at det er ekstra rimeleg for dei under 26 år å bli medlem (kun 250 kr.), for dei som er over 26 år er medlemskap no auka til 400 kr.

Øvingskveldar i laus og hallingspringar

Året starta med at Åsmund og Ulf-Arne ivra for «at no må me starte å danse, jo før jo heller!». Øvingar med både laus og springar! På grunn av skyhøge spmittenal måtte me avlyse fyrste øvinga og minikurset først i februar: Etter det starta me opp for fullt og det var bra me gjorde for folk kom for å danse og stemninga på øvingane var topp. Vår gode danseleiar Ulf-Arne Johannessen sørga for særskilt god instruksjon. Ein stor takk til spelemennene våre, normalt veksla Åsmund og Ulf-Arne på å spele, henholdsvis på hardingfele og einrader. Dette skapte variasjon og glede og så fekk begge karane også dans! Andre har også spelt hardingfele på øvingane våre, slik som vårt unge spelemannstalent Kjetil Meberg Myhren og Lars Fivelstad Småberg som steppa inn for Åsmund i haust. Hallinglaget er heldig som har fleire særskilt gode folk til å spele på øvingane. Jegeir Trøim, lagets venn i Hemsedal, stilte opp på ei øving og spelte gratis som ei fin støtte til laget. Alle støttespelarane våre spelar og instruerer rimeleg slik at me klarer oss. Desse øvingane er basert på dugnad og er eit viktig bidrag til kulturarbeidet som Hallinglaget gjer i hovudstaden. Eg legg ved litt statistikk om øvingskveldane i 2022:

Deltaking på øvingskveldane våren 2022:

2.feb	16.feb	2.mar	16.mar	30.mar	27.apr	11.mai	8.jun
Avlyst!	15	18	23	28	16	22	36

Deltaking på øvingskveldane hausten i 2022:

31.aug	14.sep	28.sep	12.okt	26.okt	9.nov	23.nov	7.des
28	28	23	17	13	21	23	30

Gjennomsnitt pr. øving er 22 danserar og samla deltagertal er heile 341 dette året! Takk til alle som var med og dansa! Totalt var 57 ulike danserar innom på våren og heile 68 på hausten. Håper dei fortset!

Særs gode lagdansar i året som gjekk

Godt beskrivi i haustens nummer av Hallingljom: lagdansen på Landskappleiken på Rjukan vart eit minne for livet. Her spelte Øyvind Brabant så bra at alle dansa betre enn normalt slik at me vart nr. 9! Åsmund som er sjef for lagdansen var ikkje til å stoppe før Oslokappleiken heller! Hallinglaget kom med i 12. time og gode danserar meldt seg på så me vart heile 7 par og best av alt: *me vant!* Dette var også ei stor oppleving: at me skulle vinne og få eit napp i den rosemåla bollen som Hallinglaget sjenka Laget for Folkemusikk (som arrangerer Oslokappleiken) for omlagt 10 år sidan. Det er ein eigen artikkel om denne lagdansen i denne utgåva av Hallingljom. Eg vil berre nemne her at det var Kjetil M. Myhren som spelte heilt utruleg bra for oss! Dansen er forevigda av vår medlem og støttespelar Bjørn Aasheim som tok opp ein glimrande video av dansen vår på om lag eitt minutt. Denne dansen fekk me lagt ut på Facebook-sida vår til mange glede og er ein fin dokumentasjon av nivået på dansen vår i det herrens år 2022.

Minikurs, folkedanskveld og helgekurs dette året

Minikurset 9. oktober samla over 20 deltakera og var særs vellykka. Det var Ulf-Arne Johannessen fra Ål som var super instuktør og spelemannen Lars Fivelstad Smaaberg frå Gol som gjorde ein god jobb. Denne særs gode duoen frå Hallingdal bidro sterkt til at folk dansa bra etter berre halvannan time!

Hallinglaget var også tilskipar av Folkedanskvelden denne sundagen 9. oktober. Kvelden vart bra og laget takker dei som hjalp til! Desse kveldane er viktige for laget for BLS støtter laga som bidrar med tusen kroner og dette er ei kjærkomen inntekt. Laget treng faktisk nokre inntekter for å klare seg. Alle må merke seg at Folkedansnemnda i BLS arbeider hardt med å halde liv i sundagsdansen, og folk som dansar i Hallinglaget er av dei som møter opp. Møt opp du også, siste FDK før jul samla nesten 90 pers.

Sist haust dreiv laget aktiv marknadsføring for Helgekurset vårt som tidleg var bestemt til helga 5. – 6. november! Dette var ei helg det skjedde mykje, men me fekk no med bra med kvinner og nokre fornuftige karer som ville lære hallingspringaren skikkeleg! For helgekursa våre er særs gode og intense, dei går frå 12 til 16 både laurdag og sundag, med ein super lunsj midt på. Hallinglaget takkar alle som bidrog her. Fyrst instruktørane Ulf-Arne Johannessen og Solfrid Nestegaard Gjeldokk og så vår nye spelemann denne hausten Lars Fivelstad Smaaberg! Ja! – ein ny spelemann er født! Og utan dugnadsfolk så får me ikkje til kursa våre. Ein stor takk til Berit Grøtt Ellefsen, Else Mohn, Gro Sissel Taraldrud og Ingrid Løkken, samt altmølegmannen Terje Grangård som hanker inn folk, trekker i mange tråder og danser med alle! Og igjen takk til alle kvinnene som stilte opp, her var det mange dyktige dansejenter, og nokre ville lære seg kardansen også! Så om fordelinga mellom karar og kvinner var 6 til 11 så var det knapt nokon som merka det! For eit par kvinner dansa kar og me bytta ofte. Så faktisk har det vel knapt vore kurs der me har lært meir dans på ei helg enn dette.

PR-arbeid og lagsabeid

Ein kan følgje med på aktivitetane våre på Facebook-gruppa «Hallinglaget i Oslo». Der er også bilder og videoar av aktivitetane våre. Dei som er registrert med e-post får info om kva som skjer i laget. Styret synes det viktigaste laget gjer er å halde liv i dansemiljøet i hovudstaden, og takker alle som kjem og dansar og bidrar til det gode samhaldet i laget.

Dette året har me hatt eitt elektronisk styremøte i januar og to fysiske styremøter, eitt i mars og eitt i september. Ved sidan av desse møtene har det blitt mange epostmeldingar der me har planlagt aktivitetar og drift. Når me samlast til styremøte i Nordahl Bruns gate blir pizza servert, det gir god stemning under møtet.

Lagsavisa Hallingljom har også dette året kome ut i to eksemplar, etter heltemodfig innsats av underteikna. Begge utgåvene i år er trykt i farger hos CopyCat på Helsfyr, det er fine utgåver som me håper folk set pris på. Papirkopier av avisas blir no berre sendt ut til medlemene og til dei som kjem på øvingar og kurs. Men alle på epost-lista til Hallinglaget får avisas på elektronisk form. Arbeidet med lagsbladet er viktig, både for PR-arbeidet og når me skal søke om stønader til lagsdrifta. Hallingljom er ein viktig årsak til at aktivitetane går så bra som no. Terje er eldsjel for avisas, og han set umåte pris at andre skriv lite også. Artige bilder er også viktig for ei god avis. Difor må alle være hjelpsomme med å sende inn bidrag i form av tekst og bilder.

Nettsidene til Hallinglaget finn ein på www.hallinglaget.net. Her finn ein aktivitetane under eigen side samt ei side med linkar til dei siste utgåvene av Hallingljom.

Juleavslutninga

Juleavslutninga 7. desember var vellykka, me pynta Halli så den glitra og heile 30 var innom denne kvelden, I år var det ikkje berre kaker og kos, men premien frå Osloappleiken vart servert, fenalar med flatbrød og tyttebærrømme! Fyrste danseøkta sørga to dyktige studentar frå Musikkhøgskola for, Amalie Kinsarvik Tvilde torader og Trygve Liahagen fele/hardingfele. Dei spelte variert dansespel, så det var «rart» å danse vals, reinlender, polka og pols i Hallinglaget, der me normalt berre dansar springar! Men det er moro med noko ekstra på juleavslutninga synes me og Trygve fyra av nokre hallingspringarar så «alle kom på golvet! Etter kake/matpausa sørja Åsmund for springarspel som me liker og dansen gjekk over glatte golv til alle var glade! Diplomar til dei som hadde delteke på 75% av øvingane (minst 6 gonger) vart delt ut, ein stor takk til dei og dei andre frammøtte.

Stønader og anna

Dette året fekk Hallinglaget nyttig driftstønad frå Sparebank 1 Hallingdal Valdres og frå Folkekulturforbundet i Vågå. Takk til dei begge, for dei bidreg til at me kan ha rimelege øvingar gjennom året. Dette året søkte laget støtte frå Norsk senter for folkemusikk og folkedans i Trondheim til Helgekursset og fekk det til alles glede, Utan denne stønaden hadde det vore særstakleg å skipa til helgekurs! Laget får også momskompensasjon kvart år etter godkjent årsmelding som må sendast inn til Noregs Ungdomslag. Likeins har me nokre støttespelarar som har sett opp Hallinglaget som bidragsmottaker ved Norsk Tipping. Alle monne drar så det er viktig at nokon er vakne og passer på alle slags frister.

Aller viktigast er det at folk kjem på øvingane og tilskipingane våre. Hallinglaget rettar ein kjempestor takk til alle som bidreg og som tar i eit tak for laget. Har de noko på hjarta, så skriv det i bladet vårt! Hallinglaget set stor pris på at folk skriv og engasjerer seg i det som me driv med. Vel møtt til det nye året når me startar opp, til leik og moro og eindel jobbing.

Leve Hallinglaget!

*25. jan 2023,
Terje Grangård*

Helgekurset hausten 2022



Helgekurset i Hallinglaget i Storsalen 5. – 6. november 2022. Nokre av dei som var med! Der var umogeleg å få med alle! Bak frå venstre: Anniken T. Lid, Unni Johannessen, Emma K. Blidh, Kerstin Bäckdahl, Lars E. Bråtalien, Ingrid Løkken, Harald Egil Smette, Hilde D. Nordlid, Mette Loland, Svein Aasen, Thomas Lundberg, Helen E. Kvalem, Kari Mariussen og Ingrid Smette. Framme frå venstre; Solfrid N. Gjeldokk, Ulf-Arne Johannessen, Lars F. Smaaberg og Terje Grangård.

Hurra for kakebakarane i Hallinglaget

Hallinglaget retter ein stor takk til alle kakebakarane i laget! Dei er viktige for at pausa under ein dansekveld skal bli heilt topp. Dei fleste set pris på desse pausane og varierte kaker smaker særskilt godt etter fyrste dansekvelta på ein time, samt kaffi og te. Me håper sjølvsagt at ikkje kravet til å bake skal bli for stort, det er nok at ein har ei heimebaka kake å bite i. Dei få gongene me ikkje lukkast me å få nokon til å bake ei heimelaga kake, så blir det Kiwi-kaker som ei naudløysing!

Denne hausten heidrar me desse kakebakarane for at dei gjorde dansekveldane til ein fest:
Berit Grøtt Ellefsen, Ingrid Løkken 2x!, Anne Cathrine Johannessen, Ingrid L. Fossum, Berit Johannessen, Unni Johannessen og Else, Silje, Solfrid, Lars og Åsmund på Juleavslutninga!

Årsmelding Hallingbu 2022

2022 vart eit roleg år på Hallingbu. Som den gode tradisjonen gjekk Spikjikjøtturen av stabelen i juni, med 8 folk benka rundt bordet inne. Vidare vart det berre nokre småturar i løpet av sumaren og hausten, stort sett av Terje.

No er me inne i 2023, som er sjølve jubileumsåret for Bygdelagssamskipnaden (BLS) som er 100 år. I den anledning vert det også laga te fleire jubileumsarrangement på lagshyttene.

Jubileumsnemnda har hatt dialog med alle laga som har lagshytte, om følgjande arrangement på lagshyttene i jubileumsåret 2023:

- A. **Hyttekarusell** – individuelt opplegg frå primo mars til medio oktober
- B. **Fem (seks) på ein dag-** Besøke 5 (6) hytter i Lillomarka 14. mai 2023!
- C. **BLS på sopptur-** På tre av hyttene i Lillomarka 23. september 2023 (Pustut, Hordahytta og Sørlandshytta)

Me kjem te å stilla folk frå hyttestyret på Hallingbu 14 mai på arrangementet **Fem (seks) på ein dag**. Då er det viktig at både hyttene og vegen fram dit er godt merka, og Terje vil lage ein unik plakat som vert slått opp ved inngangsdøra slik at folk kan ta bilet av denne som «bevis» på at dei har vore på Hallingbu! Stien opp fra Sinober fram til hytta vert og merka tydeleg, med skilt/piler i «vanskelege» stikryss. Me vil laga te ei god omtale av vegen fram som me kan legge på nettsida vår, og på Facebook i forkant, slik at deltakarane på jubileumsarrangementa lett kan komme fram te hytta., for det er jo ikkje heilt beint å finne ho om ein er på ukjende stiar :)

I skrivande stund, no som snøen stadig daler kvit og fin ned frå himmelen tok Terje skituren opp te Hallingbu for å måke taket! Vel oppe såg det betre ut enn frykta og mykje av snøen hadde rasa av i mildværet for ei tid tilbake. Likevel påpeikar Terje viktigeita av å helde taket under oppsyn, for det er alltid masse hard snø ovanfor pipa som må fjernast om den ikkje skal knekke ein gong te. Ein stor takk for innsatsen te Terje!, og hjarteleg velkommen til alle som vil vera med å ta i eit tak.

At det er fint på ski innover Lillomarka no seier seg sjølv, og om du ynskjer å ta vegen om hytta er ingenting hyggjelegare enn det, anten det er å sitte ute i solveggen eller benke seg inne framom peisen og koke seg noko varmt å drikke, då er det berre å ta kontakt for nøklar og vegforklaring, alle er velkomne!

Else Mohn

Siste: det er betra togtilbod til Snippen stasjon med lokaltog til Hakadal! Sjekk VY.no og Ruter-appen.

Frå Oslo S, kvar time HH:44
Frå Snippen: HH:29

Stopper på Grefsen, Nydalen og Kjelsås – Kun lokaltakst!



Peiskos på Hallingbu, Else og Heidi har fått fyr på peisen!

Snømåking på Hallingbu 20. januar 2023



Ein må reise opp den blytunge stegan som heng på bakveggen, «lett» til gjengeleg.



Det **viktigast** er få vekk den tunge snøen som samlar seg ovanfor pipa! Det å ha ei pipe mot ytterveggen er Hallingbu sin store svakheit! Pipa har knekt tre gonger dei siste 30 åra ! ...

Minikurs og Folkedanskveld sundag 5. februar i Halli

Hallinglaget skipar til eit bra minikurs i Hallingspringar i Halli 5. februar kl. 18.00 – 19:30.

Laget har fått dei beste krefter til å halde kurset. Instruksjon ved Ulf-Arne Johannessen som er A-klassedansar i springar og laus frå Ål og gnistrande spel på hardingfele ved Åsmund Fauske Jøtun som er A-klassespelemann frå Gol. *Kan det bli betre ?*

Mange frå Hallinglaget kjem! - kom og dans du også, det blir moro!

Inngangspengar: Medlemer 150 kr. Ikkje medlemer 200 kr. og Studentar 100 kr.!

Prisane gjeld for heile Folkedanskvelden og inkluderer vaffel/kaffi/te i halv ni tida.

Hugs at det kvar sundag er Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt. 22. Sjå www.bls.no !

Ta med danseskoa og kom og dans!



Hallinglaget skipar også til Folkedanskvelden frå kl. 19:30 – 22:30. Der spelar gruppa **Gudåmleg**, som spelar variert gamaldans. I denne gruppa finn ein nokre særskilt dyktige spelemenn/ kvinner slik som Elise Tegnér frå Drøbak og Espens Wensaas frå Geilo... Begge desse har studert musikk på Musikkhøgskola og dei er gode!



Bilete frå den fine Folkedanskvelden før jul (sundag 11. des.) der både Fanteladdane og Farande Fant spelte til dans! Samtidig! – og ein merka at dei likte seg i lag! Nesten 90 til stades.

HALLINGLAGET i OSLO vinter/vår 2023

Program i Halli, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er øvingar desse onsdagane:

For meir info.: *Meld dykk på e-post-lista til Hallinglaget, eller bli ven på Facebook!*

18. jan.	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
1. feb.	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
15. feb.	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
1. mar.	Årsmøte 17:30/ Springarøving kl. 19:00 - 21:00
15. mar.	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
29 mar.	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
26. apr.	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
10. mai	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
7. jun.	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00 <i>Utdeling av diplom til ihuga dansarar...</i>

Sundag 5. februar: MINIKURS I HALLINGSpringar kl. 18:00!

Hallinglaget skipar til eit nytt Minikurs med dei beste folka!

Vår Danseleiar Ulf-Arne Johannessen vil instruere og vår gode spelemann Åsmund Fauske Jøtun vil spele for oss!

MERK: Hallinglaget skipar til denne Folkedanskvelden frå 19:30-23:00!

Onsdag 1. mars: ÅRSMØTE I HALLINGLAGET!

Startar presis kl. 17:30 i HALLI !

Medlemer oppfordrast til å møte! Styret i Hallinglaget set pris på innspel ...

Andre viktige hendingar dette halvåret:

25. – 28. mai: Folkemusikkveka 2023 på Ål!

Sjå: <http://www.folkemusikkveka.no>

Her blir det mykje kjentfolk frå Hallinglaget. Ta nokre fridagar i mai og bli med!

Planen er at Hallinglaget vil leige ei hytte i Satakrøken som vanleg ...

Onsdag 14. juni: Spikjikjøttur til Hallingbu!

Opplev hytta vår og Lillomarka på sitt beste ...

21 - 25. juni: Landskappleik i Lom!

Telemark er bra! Sjå: <https://www.landskappleiken.no>

VELKOMNE SKAL DE VERA!

Meir info. på www.hallinglaget.net

Facebook: Hallinglaget i Oslo

KONTAKTPERSONAR:

Terje Grangård (482 04 652), (grangard@online.no)

Åsmund Fauske Jøtun (938 33 229), (aasmundfauske@gmail.com)

Gro Sissel Taraldrud: (480 34 943), (gst@cultura.no)

Hallinglaget vant Lagdansen på Oslokappleiken i 2022!

Hallinglaget i Oslo har ein god driv på dansen for tida. På øvingane annankvar onsdag møter det opp omlag 25 glade dansarar kvar gong! Og ikkje nok med det, folk ynskjer å stille på Lagdans, noko me også gjorde på Oslokappleiken i fjor (laurdag 26. november 2022).

Då klarte Hallinglaget å vinne, best av heile 9 lag! Det vanka premie også, eit fenalår og flatbrød som vart fortært på juleavslutninga 7. desember. Best av alt så fekk laget vårt eit etterlengta napp i Vandrepromien som er sett opp av Hallinglaget heilt tilbake i 2013! Premien er ein stor og fin rose måla bolle som er måla av Gerd Glomsrud frå Gol.

Hallinglaget støtter opp om Laget for Folkemusikk i Oslo og bidrog med vandrepromien! Difor føler me jo litt på at det er «bollen vår»! – og no fekk me endeleg eit napp i den. Me prøvde uss fjor også og då vart med nummer tre av fire lag.

Heldigvis er det mange gode lag med, så ingen lag har klart å vinne bollen til odel og eige enda (vinne lagdansen tre gonger). Viktigast er det at Lagdans gjer ei veldig god lagkjensle, som kanskje gjer at me vil klare uss i mange år til!

Til info så er hallingspringaren og musikken frå Hallingdal sær populær i hovudstaden. Fleire hallingar må dukke opp om ikkje skal bli i mindretal blant elleville dansarar frå resten av landet/verden ...



*Vandrepromien i Lagdans på Oslokappleiken, sett opp av Hallinglaget i 2013.
Måla av Gerd Glomsrud frå Gol.*

Og så me får dokumentert alle fakta i Hallingljom:

Det var vår unge (17 år) og særskilt gode spelemann **Kjetil Meberg Myhren** som spelte for oss under Lagdansen. Han bidrog sterkt til at vi vant og han vant også klassa si Hardingfele Junior og fekk premie for beste Dansespel på kappleiken! Imponerende!

Dei som dansa var: **Ulf-Arne, Silje, Knut, Hanna, Åsmund, Tuva, Terje, Amalie, Ånund, Nina, Lars Christian, Saimi, Frederick og Solfrid.**

Hallinglaget takkar alle for innsatsen ...



*Det er stor aktivitet på Riksscena for tida og antakelege enno meir i 2023 når FolkOrg er 100 år!
Her ser me fire unge kvinner som også dansar ein del i Hallinglaget! Supert bilde av Knut Utler!*

Riksscena på Grünerløkka:

Folk som er interesserte i **konsertar** (det er også 3-4 dansekeldar kvart halvår) må melde seg på e-post-lista til www.riksscenen.no! For eg kan ikkje sende vidare all informasjonen derifrå! Det er her dei profesjonelle artistane boltrar seg, dei har eit budsjett på om lag 10 millionar i halvåret! Hallinglaget klarer seg med ein stønad på om lag 5 tusen i halvåret! – så i Nordahl Bruns gate 22 er det dei glade amatørane som rår! Det er veldig viktig og fint at folk støtter opp om dette arbeidet.

For å nemne ei tilskiping dette året: sett av laurdag 4. mars alt no!

*Då er det dansefest med **Dalakopa** og **Toradertrioen** !! Då blir du ikkje aleine!*

Betre pols og gamaldans er det vanskeleg å få med seg på ein gong i hovudstaden!

Terje Grangård

Kan det lønne seg å fyre med no når straumen er så dyr?

Tja, si det. Spørsmålet dukkar opp når eg set meg ned framfor ein sprakande vedovn og prøver å få varme i skrøtten- graderstokken tippar mot 23 minus. Eg dreg fram eit ark for å prøve meg på eit reknestykke.



Vedfyring er særstakeleg og gjer god varme ...

PRISEN PÅ VED.

Når eg goolar, fær eg fram at 1kg med bjørkeved, tilsvarande ein normal vedkubbe med ca 17% fukt, skal visstnok gje 4,4kWh når den brenn i ein nyare vedovn. Noko av varmen går upp i pipa, så då vil eg sitja att med ca 3,3 kWh i stugu (NIBIO).

Hvis eg kjøper ein 60 liter veasekk med bjørk for 140kr med moms, har eg fått ca 22kg med bjørkeved i hus. Det betyr at eg betalar 140kr/22kg = 6,4 kr pr kg bjørkeved. Når ein kg bjørkeved gjev 3,3kWh, så blir altså prisen pr kWh; 6,4kr /3,3kWh = 1,9 kr/kWh når eg fyrer med bjørkeved.

Slett ikkje so gale, vil mange seie, men kan det vere billigare å fyre med straum? Då må eg fram med eit nytt ark i det eg set meg endå eit hakk nemmare vedovnen for å halde varmen.

SÅ VAR DET PRISEN PÅ STRAUM.

Eg ser til dømes på september 2022 då gjennomsnittsprisen på straum var uvanleg høg, heile 448 øre pr kWh med moms (sone 5 og Vest region NO5). Utan moms blir det $448 / 1,25 = 358$ øre pr kWh. No era me so heldige her i dette landet, at staten seier at den dekkjer 90% av prisen over 70 øre pr kWh utan moms. Altså dekkjer staten 90% av $358 - 70 = 288$ øre og det betyr at eg må betale 10% av 288 øre, altså $288 * 0,1 = 28,8$ øre/ kWh.

MOMS UFF OG UFF!

Staten er kjent for å gje med den eine handa og ta med den andre. So også her. Staten vil krevje at eg betalar 25% moms, men problemet er at eg må betale 25% mva av den uvanleg høge gjennomsnittlege straumprisen i september 2022 og då blir reknestykke slik: $358 * 0,25 = 89,5$ øre pr kWh i moms. Eg må altså betale heile 89,5 øre pr kWh i moms til staten samtidig som eg får straumstøtta frå den same staten og den blir $288 * 0,9 = 259$ øre pr kWh. Det betyr at staten har

støtta meg netto med $259 - 89,5 = 169,5$ øre pr kWh og i prosent blir det $169,5 / 288 = 0,588$. Med andre ord er den reelle straumstøtta ca 59% ! Altså, kjære staten; mine utrekningar her viser at straumstøtta på 90% stemmer ikkje!

NETTLEIGA MÅ MED.

Til slutt må eg betale nettleige for å få sendt straumen fram til huset, og her kjem eg fram til at prisen på nettleiga, kjapt overslag, er omlag 50 øre/ kWh med moms. Kraftselskapa brukar ofte å leggje på nokre få øre på spotprisen, men det er så lite at vel å sjå burt frå det her.

OPPSUMMERING

Då er det på tide å summere; Eg må altså betale $70 + 28,8 + 50 + 89,5 = 238,3$ øre pr kWh for straumen i september 2022, då prisen på straum var uvanleg høg. Det betyr altså at prisen på straum denne månaden er noko høgare enn prisen på bjørkeved, som var på ca. 190 øre/ kWh.

Konklusjonen min er, kanskje som forventa, at fyring med ved kan løne seg i periodar når prisen på straum er uvanleg høg. Hvis du kan skaffe deg billig ved, til dømes ved at du kan snugge te veden sjølv, er det ingen tvil om veafyring vil løne seg. Når du høgg veden sjølv, vil du få lea på deg og få frisk luft med på kjøpet.

Olav Arne Løstegaard

Tevling: Springarmaraton på Ål



Stolte vinnarar av springarmaraton på Folkemusikkens dag på torsdag 16. juni 2022! Astrid Bruun Arnesen og Olav Arne Løstegaard dansa først saman på lynkurset i Hallingspringar berre ein time før springarmaraton, og så stilte dei under maratonen og dansa lengst av fire par, ca. 20 minuttar!! 😊 Det skal seiast at det var ute i sterk sol og på betonggolv! 😅 Dei vann ein songbok av Gunnlaug Lien Myhr og ein CD med kjente norske spelemenn. Spelemenn var Øyvind Brabant og Hilde Kirkebœn.

Hallinglaget gratulerer dei begge!

Vår eigen diktar Ingrid Løkken er til glede og nytte

Eg refererer til tidlegare omtale av **diktboka «Enkel Kobling» av Ingrid Glad** (Glad er jentenamnet til Ingrid Løkken) i Hallingljom nummer 1/2021. Mange fine dikt i denne boka og eitt høvde fint då ha las det opp etter Helgekurset 5.-6- november sist haust:

DANSE PÅ SKYOM

Det eg helst ville gjort
va å danse på skyom,
i sta'n fæ' eg gå sta'
og steille med kjom.

Men når det er gjort,
går eg inn att og drøyme
fantasera en vals
Eg aldri skal gløyme.

Eg senda ein tankje
åt mann' uppå måna:
«Vil du danse med meg?
Sving meg rundt te eg dåna'!»

Sjeinnun som ser på,
døm blonka i takt
og teinkje med seg
at musikken har makt.



Og ikkje nok med det, Ingrid sendte meg eit dikt etter kurset også, helgekurset var vel så bra at ho vart inspirert! Ingrid er med i Folkedansnemnde og er så god til å bake og hjelpe til.

Hallingspringarkurs 5.-6. november 2022

Song ved Ingrid Løkken

Han Lars, ja han kan spela så fela ho let,
men her var det neimen 'kje nokon som gret!
Du gamle gode hallingspringar,
hallingspringar – dansen vår.

Ulf-Arne han dansar med mesterleg driv
og Solfrid ho følgjer med prydeleg sviv.

Vi andre har mykje å lære om dans,
men teller og trakkar forutan ein stans.

Ho Kari trør dansen, den stautaste kar!
D'er fleir som må freiste på dans-seminar
(den saken er klar).

Og Else-mor styrer med nydeleg mat,
ho har med seg fleire som får den på fat.

Han Terje er sjefen og dansar med flest,
får fleir' til å danse, så da blir det fest.
Du gamle gode hallingspringar,
hallingspringar – dansen vår.

Ingrid er ei av dei beste kakebakarane som laget har, og ho sendte inn ei oppskrift det er verdt å prøve! **Banankaka** hennar smakar særskilt godt til kaffien! Ingrid skriver:

«Ein kan gjerne kjøpe inn bananar som har blitt litt brunflekkete i skalet til ein rimeleg penge. Om eg har slike bananer bakar eg gjerne tante si banankake som er dugeleg grei å ha med på kurs eller danseøving. Kanskje er det fleire som vil freiste? Her er oppskrifta:»

Banankaka til Ingrid si tante:

2 vel modne bananar
1 kopp sukker
1 egg
50 g smelta margarin
1 ts vaniljesukker
1 ts bakepulver
 $\frac{1}{2}$ ts natron
 $\frac{1}{2}$ dl fløyte
1 $\frac{1}{2}$ kopp kveitemjøl

Mos bananane og halvpisk eggene, bland alt godt, ha i form og steik v/180 grader ca $\frac{3}{4}$ time.
Eg brukar alltid 4- eller 5-dobla oppskrift og steiker i stor langpanne. Egnar seg godt til frysing, og tinar raskt.

Godt bake- og danseår!

Helsing Ingrid

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2023

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 400,-**

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 250,- Merk!**

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 220,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort ligg ofte ved første sendinga etter nyttår, elles er det berre å betale til kontonummeret nedanfor. **Hugs namn på innbetalingskortet!** Betal gjerne, for laget treng medlemer for å klare seg! Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**. Hallinglaget har Vipps til denne konto, med ny **Vipps** kode: **737 811**.

Medlemskap i Hallinglaget gjer deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
 - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
 - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
 - Reduksjon i pris på Det norske Teateret mot å syne medlemskort.
 - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns GT. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
 - Redusert pris på Kaffistova, Hotell Bondeheimen og Heimen Husflid.
 - Informasjon om andre folkemusikktildelingar i hovudstaden (post/meldingsliste).
-

Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivilligehetsregisteret i Brønnøysundregistrene.

Merk dykk at om ein veljar Hallinglaget som grasrotmottakar, får laget få 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Ekstra.

Om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

Hallinglaget i Oslo

Webside: www.hallinglaget.net

Facebook: Hallinglaget i Oslo

Instagram: Hallinglaget i Oslo

TEKNISK ARRANGØR, DANSEMUSIKK OG MINIKURS PÅ FOLKEDANSKVELDAR – 1. HALVÅR 2023

Følg med på www.bls.no for oppdatert oversikt

Dato	Teknisk arrangør / Gruppe/spelemannslag	Minikurs
<u>Januar '23</u>		
01.	Ingen søndagsdans	
08.	Symra / Eiker Spelemannslag	Sunnmørsspringar
15.	Numedalslaget / Østerdølene	Rørospols
22.	Hardinglaget / Bærum spelemannslag	Hardingdansar
29.	SF-ringen / «Kveik» (tidlegare «Golaget»)	Bingsjøpolka
<u>Februar '23</u>		
05.	Hallinglaget / Gudåmleg	Hallingspringar
12.	Hordaringen / Steinsgårdskroken	Rørospols
19.	SF-ringen / De Frilynde	Bodapolska
26.	NB! Ingen søndagsdans! (Rørosmartnan)	
<u>Mars '23</u>		
05.	Symra / Symradern og Att og fram	Masurka
12.	Frøy / Farande Fant	Nordmørspols
19.	Hordaringen / Bærum spelemannslag	Springar frå Kvam
26.	SF-ringen / Østerdølene	Bingsjø
<u>April '23</u>		
02.	Ingen søndagsdans - Palmesøndag	
09.	Ingen søndagsdans - 1. påskedag	
16.	Hardinglaget / Dølalæte	Springleik
23.	Symra / Symradern og Att og fram	??????
30.	Valdreslaget / Farande Fant	Nordlandspols
<u>Mai '23</u>		
07.	NB! Ingen søndagsdans! (Rørosleken)	
14.	Hordaringen / Fanteladdene	Finnskogspols
17.	Folkedansnemnda / De Frilynde	Ikkje minikurs
21.	Ingen søndagsdans	Ingen søndagsdans
28.	Ingen søndagsdans – 1. pinsedag	
<u>Juni '23</u>		
04.	Bygdøsystemnet, Folkemuseet, Bygdøy	Sommeravslutning

Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Brunsgate 22, Oslo,
søndagar kl. 18.00 til 22.30.

Inngang Folkedanskveld:

Medlemmer kr 150,- / ikkje-medl. kr 200,- / Studentar kr 100,-

Inngang Minikurs:

same som over!
Dvs. at ein får Minikurset attpå! Og ein får også vaffel, kaffi eller té i pauza!

Styret i Hallinglaget 2022-2023

Leiar:	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 482 04 652 – mobil E-post: grangard@online.no
Nestleiar:	Åsmund Fauske Jøtun Steintrøa 31, 3550 Gol	Tlf.: 938 33 229-mobil E-post: asmundjotun@gmail.com
Kasserar:	Gro Sissel Taraldrud Myrlia 51, 1453 Bjørnemyr	Tlf.: 480 34 943 – mobil E-post: gst@cultura.no
Skrivar:	Heidi Wie Dyringveien 67, 1385 Asker	Tlf.: 975 23 734 – mobil E-post: heidi.wie@outlook.com
Medlemer:	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf.: 480 40 062 – mobil E-post: beritsatelier@hotmail.com
	Else Mohn Stivivegen 86, 3677 Notodden	Tlf.: 958 79 270 – mobil E-post: helsemor@hotmail.com

Bladstyre for Hallingljom:

Leiar: Terje Grangård
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo Tlf.: 482 04 652
E-post: grangard@online.no

Medlemer: Else Mohn og Olav Arne Løstegaard.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

Leiar: Else Mohn
Reshjemveien 247, 3677 Notodden Tlf.: 958 79 270
E-post: helsemor@hotmail.com

Medlemer: Michel Gascoin og Trond Roseth.

Danseleiar: Ulf-Arne Johannessen Tlf.: 477 56 565

Revisor: Alix Cordray Tlf.: 917 66 051

Valnemnd: Svein Aasen, Hilde Hjetland og Olav Arne Løstegaard.

Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er: www.hallinglaget.net Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård
Sjå også: www.bl.no, www.folkedans.com og www.folkemusikkscena.no.

Hallingbu



{P}{B}

32%